

Professor i nyskaping og bygdeutvikling

– Bygdene har ei rik fortid og historie, men har for lite fokus på framtida, sa dr. philos Dag Jørund Lønning, i samband med at han nyleg, som den første i Norge, blei tildelt professorgrad i nyskaping og bygdeutvikling.

■ Eirik Stople

Med bakgrunn i positiv innstilling i professorkommisjonen, har styret for Høgskulen på Jæren, gjort vedtak om å utnemne rektor, Dag Jørund Lønning, til professor i nyskaping og bygdeutvikling. På pressekonferansen gav Lønning ei engasjert førellesing om premissar for nyskaping og bygdeutvikling.

– *Kva må til for å få ei positiv utvikling på bygda?*

– Støtteordningar er vel og bra, men mennesket er det viktigaste. Klarar ein å mobilisera menneskeleg skaparkraft byrjar ting å skje, også i småsamfunn. Dei som bur i bygda må kjenne eigarskap til prosessane og få auge på dei ressursane som er i bygda. Det er meg det handlar om, ikkje peik på kommunen. Ein må kople dei ulike aktørane og alle må ha ei rolle.

– *Du snakkar om det skapande mennesket.*

– Ja, bygda må sjå det skapande mennesket. I ein god prosess ser folk kvarandre, dei løfter kvarandre – det går bra. Det må vera rom for det leikande, skapande mennesket. Tenk annleis, involver alle. Dei gode prosessane må starte nedanfrå.

– *Kva med å høyra til (identitet)?*

– Kjensla av å høyre til er svært viktig, både for by- og bygdeutvikling. I dag vil folk kjøpe, vi legg til rette for eit forbrukarparadis. Kjøpesentra er blitt vår tids møteplassar. Vi må finne fram til alternative møteplassar. Identitet, framsteg og trivsel høyrer saman. Lønning tek fram sitatet om at; Framsteg er menneskets trivsel. Folk treng ei bevisstgjerig om at dette er min stad og mine verdiar.

– Vi må utvikla ein kultur for partnerskap, mellom det offentlege, næringslivet og det frivillige. Målet må ikkje definerast for snevert før prosessen. Ved å ha ein open prosess får ein lettare med seg mangfaldet, ein femner alle. – Eigersund er bra, seier Lønning. Lag og organisasjonar pregar bybiletet. Det gir ei oppleving av identitet og trivsel.

Jordvern og Jærsmia

Lønning er provosert over Regjeringa si formulering av jordvern, når ho skriv at; jordvernet må tilpassast storsamfunnet sine interesser. – Jordvernet er ikkje i motstrid til, men er ein del av, ja, kanskje den viktigaste interessa til storsamfunnet. Mister ein matfokuset, mister ein heile fundamentet for tenkinga kring jordvern, understrekar han. Lønning tek fram ei undersøking frå Sandnes, som syner at folk flest har forstått denne samanhengen. Heile 91 prosent av innbygarane prioriterer jordvern.

– Det kan gå kjapt å bygge ned matjorda på Jæren. Difor har vi, i regi av Høgskulen, teke initiativ til etablering av nyskapinga Jærsmia. Her tek vi i bruk ideane som ligg bak mykje av forskinga mi. I staden for å rope til kvarandre frå skyttargravene, satsar vi på dialog. I Jærsmia møtes representantar frå landbruk, utbygging/næringsliv, friluftsliv og offentlege utviklingsaktørar.

– Vår rolle er å identifisere fellesverdiar, beskrive framtidvisjonar og peike på mulege utviklingsstrategiar. Vi må få alle med i samtalen, kanskje dei andre har eit poeng. Med felles blick får vi eit felles eigarskap til løysinga. Målet er å skape eit rom for alle i regionen, der ein sameinar jordvern, utbyggings- og verneinteressene. Dette er ein interessant arbeidsmo-



Dag Jørund Lønning, professor i nyskaping og bygdeutvikling.

dell, i ei tid der heilskapsdimensjonen forvitrar, forklarar Lønning.

Alle vil hauste

– Mykje av min filosofi byggjer på at vi må så, før vi kan hauste. Bygdeutvikling er langsiktig arbeid. Ein fokuserer for mykje på det ferdige produktet og for lite på kvaliteten i det ein sår. Her sit bygda på ein viktig kompetanse, men det er ikkje nok. Bygda må også så, for at den skal ha noko å hauste i framtida, avsluttar den nyutnemnde bygdeutviklingsprofessoren.